



Møtebok Skodje sokneråd

Møtedato: 09.01.2025
Møtetid: kl. 19.00 – 21.00
Møtestad: Kyrkjebrakka

Innkalla Knut Bjune
Arnstein Sæthre
Tove Solheim Kristensen
Ragnvald Holvik
Lars Flåte
Bente Vadset
Jan Løkkeborg (sokneprest)
Astrid Eide (dagleg leiar)

Inviterte Marie Hellevik (kyrkjetenar)

Forfall Bitten Kvilekval

Sakliste

01/25 Godkjenning av innkalling og sakliste
02/25 Godkjenning av møtebok 21.11.2024
03/25 Orienteringssaker / skriv og meldingar
04/25 Val av nestleiar for 2025
05/25 Kyrkjestova og Olmannngarden
06/25 Flaggpraksis ved gudstenester
07/25 Årleg soknemøte 2025 – fastsette dato
08/25 Fellesmøte sokneråd og stab
09/25 Møteplan sokneråd våren 2025
10/25 Diakoniutvalet om blomsterhelsing til jubilarar i soknet
11/25 Eventuelt



Saker

01/25 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Skodje sokneråd godkjenner innkalling og sakliste utan merknadar

02/25 Godkjenning av møtebok 21.11..2024

Vedtak:

Skodje sokneråd godkjenner møteprotokoll frå 21.11.24 med endringar.

03/25 Orienteringssaker / skriv og meldingar

Nytt frå stab og utval

- Kyrkjjetenar, Marie Hellevik, er invitert til å orientere om sitt arbeid.
 - o **Praktisk komité;** Arnstein Sæthre, Tormod Løvås saman med Marie tek ein gjennomgang av behov og praktiske løysingar for korleis ein skape eit betre system for orden og logistikk.
 - o I gangen mot nord: Marie ønsker seg noen litt djupe hyller der ein kan sku kasser heilt inn og ei hylle/lite skap til toalettet ved sakristiet til å oppbevare diverse nødvedigheiter.
 - o Dåpssakristiet treng ein gjennomgang der komitéen ser på løysingar som kan gjere rommet meir ryddig og innbydande.
- I staben ellers jobbast det iherdig med å samle statistikk frå kyrkjelege handlingar og andre aktivitetar i sokna for 2024.
- Utarbeiding av Årsmelding 2024 er også satt i gang.
 - o Diakoniutval
 - o Frivillige – kyrkjekaffi
- Frivillig-fest 23.01.2025 på Kyrkjetorget. Påmelding via nettsida.
 - o Tove og Bitten stiller med kake.

Soknerådsleiar orienterer om flytting

Knut Bjune melder om at han og kona, Janne, har bestemt å flytte nærmere barnebarna i Bergen. Dette skjer allereie rundt påsketider. Bjune varslar derfor soknerådet om at han kjem til å søke om permisjon frå rundt påske og ut perioden.

Soknerådet forstår avgjerda, men ønsker å uttrykke at det er trist at ressursar som Knut og Janne Bjune forlet soknet. Soknerådet takkar Knut og Janne Bjune for innsatsen så langt.

Skodje sokneråd tek skriv og meldingar til vitande.



DEN NORSKE KYRKJA

Skodje sokn

- 04/25 Val av nestleiar for 2025**
Tove Kristensen trekker sitt kandidatur.

Vedtak:

Eit samrøystes sokneråd, 7 av 7 stemmer, vel Arnstein Sæthre som nestleiar for 2025.

- 05/25 Kyrkjestova og Olmann garden**

Møtebehandling

Det vert orientert om at sidan sist møte i soknerådet har AU hatt samtalar med driftsleiar i Ålesund Kyrkjelege Fellesråd, Arnstein Myklebust, om eit eventuelt kjøp av Olmann garden. Dagleg leiar har i høve dette også undersøkt moglegheitene for låneopptak. Konklusjonen er at eit kjøp vil vere urealistisk.

I etterkant av denne konklusjonen har det vore ei ny runde i AU om det kan vere mogleg med eit leigeforhold med eigar av Olmann garden. AU legg fram ei oppmoding for soknerådet om at Kyrkjestovekomitéen får mandat til å utrede dette vidare.

Vedtak:

Soknerådet ber Kyrkjestovekomitéen halde fram det gode arbeidet med prosjektet som planlagd.

- 06/25 Flaggpraksis ved gudstenester**

Møtebehandling

Det vart drøfta korleis soknerådet ønsker at praksis ved heising av flagget ved kyrkja skal vere. Dagens praksis i Skodje sokn er at det vert flagga ved gudstenester med dåp, men ikkje elles. Ved dei andre kyrkjene i prostiet vert det flagga ved alle gudstenester. Det var brei semje i soknerådet om å flagge ved føremiddagsgudstenestene og ved nokre av dei offisielle flaggdagane.

Vedtak:

Soknerådet vedtek at det skal flaggast ved alle føremiddagsgudstenester i kyrkja, samt på 8. mai, 17.mai, 1. påskedag, 1. pinsedag, 1. juledag og 1. nyttårsdag.

Arbeidsutvalet (AU) utarbeider eit forslag til flaggliste med plan og ansvar for flagging på desse dagane, i tillegg til øvrige offisielle flaggdagar. Forslaget skal leggast fram for soknerådet for godkjenning.

- 07/25 Årleg soknemøte 2025 – fastsette dato**

Vedtak:



DEN NORSKE KYRKJA

Skodje sokn

*Det årlege soknemøtet i Skodje sokn fastsettast til søndag 27.04.2025.
Tidspunkt: Rett i etterkant av gudstenesta denne dagen.*

08/25 Fellesmøte sokneråd og stab

Vedtak:

Fellesmøtet mellom sokneråd og stab leggst til soknerådsmøtet 15.05.2025.

Saker til eventuelt

09/25 Møteplan sokneråd våren 2025

Neste møte i soknerådet flyttast til torsdag 13.03.25. Aprilmøtet flyttast derfor også til 24.04.

Oppdatert møteplan for våren 2025:

09.01.2025

13.03.2025

24.04.2025

15.05.2025 – *Felles med stab*

12.06.2025

10/25 Diakoniutvalet om blomsterhelsing til jubilarar i soknet

Diakoniutvalet v/Tove S. Kristensen fortel at dei grunna kapasitet har vald å kutte ut blomsterhelsingar til 80-årsjubilarar i soknet. Jubilarar frå 85 og eldre vil framleis få blomsterhelsing.

Soknerådet takkar diakoniutvalget for det arbeidet dei gjer for soknet.

Soknerådet gir diakoniutvalget eit fortsatt mandat til å vurdere blomsterutdeling og aktiviteter ut ifra kapasitet.

11/25 Eventuelt

Ingen saker til eventuelt

Neste møte: 13.03.2025

For Skodje sokneråd

Astrid Josefine Eide, dagleg leiar (ref.)